



Villanger & Sønner AS
Rune Kristoffersen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6180 - 14/18886

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
21.08.2014

Svar på søknad om avkjørsle frå kommunal veg - gbnr 133/29 og 107 - Soltveit Søndre

Teknisk drift syner til e-post datert 19.08.2014 vedkommande søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle for 3 bustadeiningar – gbnr 133/29 og 107, Soltveit Søndre.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle for 3 bustadeiningar på gbnr 133/29 og 107 på følgjande vilkår (standard krav):

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til utforming fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «almennelike regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», §§ 40-43 i Veglova, samt vegnormal N100 (tidlegare handbok 017). Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle, samt at ein skal kunne snu på eigen grunn. Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.
- Ytteligare informasjon vedkommande tekniske krav finn ein på www.lovdato.no og www.vegvesen.no
- Det må ligge føre rett til å nytte privat veg.

Vi gjer merksam på at utbetring/opparbeiding av avkjørsle er søknadspliktig tiltak hos byggesak.

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964, samt vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentlig veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.



Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynsker. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkommande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

kart avkjørsel målestokk 1til500

Kopi til:

Kjetil Eikefet
Lindås kommune ved byggesak
Alversund Maskinstasjon AS

Mottakarar:
Villanger & Sønner AS